

Lederstrukturen i Latin-Amerika - har misjonen oversett denne faktoren i den teologiske utdanningen?

AV BERIT HELGØY KLOSTER

Innledning

Grovt skissert kan ein fastslå at i Latin-Amerika, innan både den katolske og evangeliske kyrkja, har berre 4-5 prosent av dei som har hyrdeansvar i kyrkja, prestane, ei teologisk utdanning som tilsvargar tre år eller meir. Dette er nokonlunde jevnt fordelt over heile kontinentet. I Etiopia, innan Mekana Yesu kyrkja er det tilsvarende talet ca. 90 prosent. Ser ein på studenttalet og rekkja av teologiske seminar og bibelskular på det afrikanske kontinentet samanlikna med Latin-Amerika, ligg Latin-Amerika langt etter. Dei siste 10 åra har fleire teologiske seminar vorte nedlagte i Latin-Amerika, hovudsakleg på grunn av sviktande elevtal.

No kan ein ikkje utan vidare samanlikna to så ulike kontinent, korkje med omsyn til historie, kultur eller etnologisk samansetning. Men begge desse kontinenta er påverka av europeiske kolonimakter, begge har i dag mange misjonærar frå Vesten og begge kontinenta har ein stor kyrkjevekst.

Eit hovedproblem vert då: Kvifor har misjonen, og den katolske kyrkja, i den grad mislukkast i å gje teologisk opplæring til dei som står som kyrkjeleiarar? Her er nok meir enn eitt svar på dette spørsmålet, men eg vil retta søkjelyset på dei ein utdannar. Å vera leiar er ei statusløfting i kulturen, særleg det å vera religiøs leiar. Kvifor har så ikkje dei som er utdanna fått leiarposisjon, og kvifor ser ikkje dei som sit i ein kyrkjeleg leiarposisjon det naudsynt med ei teologisk skoloring?

Ein lyt fyrst sjå på kva kriterier samfunnet stiller til dei som har leiarfunksjonar. Søkjelyset vert her retta mot to kulturar, mestisoane, blandingsrase av indianer/kvit eller indianar/svart, og Aymara-indianarane, som held til på høgsetta i Peru og Bolivia, og som er nært slekta med Quetchua-indianarane, som held til i Columbia, Ecuador, Peru og Bolivia.

Litteraturkjelder

Det har ikkje vore råd å finna noko studiemateriell som direkte er retta på leiarstrukturar i Latin-Amerika, eg har difor måtta ty til kjelder som omtalar leiarar i kulturen og treffa konklusjonar frå dei, ein arbeidsmetode som kan føra til feilkonklusjonar. Dinest er kjeldene som omtalar mestiso-kulturen hovedsakleg innan område for religion og psykologi, medan studiene i Aymara-kulturen er innan antropologien. Ei samanlikning basert på desse ulike disiplinane er ikkje den beste, men andre publikasjonar var ikkje tilgjengelege.

Historisk bakgrunn

Arkeologar hevdar at det omkring år 500 e.Kr. oppstod ein mektig høglandskultur i området rundt Titicaca-sjøen, og at denne kulturen rådde frå Ecuador til Chile og Argentina. Ved studie av ruinbyen Tiahuanaco, like utanfor La Paz, Bolivia, meiner forskarar å stå overfor ein kultur som med omsyn til teknisk perfeksjonisme og handarbeid ikkje har nokon over seg. Denne kulturen var etter alt å døma Aymara-kulturen, sjølv om den også går under namnet Collas. På 1400-talet kom invasjonen av Inka-indianarane. Områda i Nord-Bolivia og Sør-Peru vart minst påverka. Dei held framleis på Aymara-språket.

Med den spanske invasjonen på 1500-talet, kom også dei fyrste skriftlege dokument. Men dette sterke overgrepet er framleis hugsa også av dei som ikkje kan lesa. Mordet på høvdingen Atahualpa t.d. og utplyndringa av gull, vert ofte nemnt. Det som sjeldan er omtala i vår del av verda, er at innføringa av tvangsarbeid i gruvene, også for kvinner og barn, reduserte Aymara-stamma frå 12 millionar til 4 millionar på vel 150 år. Motåttaka frå indianarane har vore mange, og har pågått inn i vårt århundre.

Spanjolane og deira etterkomarar, mestisoane, har heile tida opptrått som herskarar, både politisk og religiøst. Spansk er i dag det offisielle språket på heile kontinentet, med unnatak av portugisisk i Brasil. På landsbygda hjå indianarane finn ein framleis både quetchua- og aymarapråket i bruk. Interessant er det å leggja merke til at i Bolivia eksisterar den offisielle inndelinga av kommunar og fylker, parallelt med den inndelinga indianarane har føretatt.

Spanjolane var trufaste mot si romersk-katolske lære, og hadde

som mål å kristna kontinentet. Prestane og misjonæra som kom over hadde ordre om å bruka metodane til pave Gregor den Store. Dei skulle ikkje øydeleggja heidenske tempel og skikkar, i staden skulle dei freiste å ikle dei kristne symbol og innhald. Kristninga vart ei heller lett oppgåve sidan inkakulturen alt hadde innført ein hierarkisk struktur. Men kan ein verkeleg tala om at Latin-Amerika vart kristna under det spanske kolonivelde? Forskarar som Poblete og Iriarte (katolikk) hevdar at den katolske liturgien, symbol og helgenar har på ein oppsiktsvekkjande måte vorte blanda med aymara-religionen til ein ny synkretisme. Det er kjelder som hevdar at i aymara-samfunnet kan dei på torsdag og onsdag tilbe jord-åndene i samsvar med aymara-kulturen, på tirsdag og fredag tilber dei solguden, inspirert av inkaene, medan på laurdag og søndag er turen komen til den kristne Gud. Kjennskapet dei har til den kristne Gud er knytta til enkelte setningar av truedkjenninga, og vert alltid sitert på spansk.

På 1800-talet kom ein epoke med lausriving frå Spania. Bolivia var det fyrste landet som erklærte sjølvstende, men det siste til å få det (1825).

Den historiske leiarstrukturen

Freistar vi å sjå på den historiske leiarstrukturen, er det strategien til leiarane som er særprega. Til tross for påverknad både frå inkaene og spanjolane har aymarane makta å halde både på språket og mykje av det som var den opprinnelege religionen og kulturen. Dei har berre ytre sett inkorporert det nye, i obligatorisk lydnam, medan deira eigen kultur er levande. Her må utanlandsk misjon sjå faren når det gjeld opplæring. Desse folka er vant med å ta etter ting utan at det dermed treng ha nokon tilsynelatande verdi for dei. Den kvite mann har allereie definert seg i historia som ein det er best å lyde om dei ikkje vil under pisen. Aymara-kulturen ville truleg aldri ha overlevd alle desse påverknadane om det ikkje hadde vore for eit sterkt indre samhald og ein imponerande indre struktur.

Leiarstrukturen i Aymara-kulturen

I aymara-religionen, med eit utal av ånder og underjordiske vesen, som skal haldast i sjakk, tilbeding av fedreånder, solgud og den

kristne Gud, er det to leiarar som skil seg ut. Den fyrste er medisinnmannen «El curandero» som kjenner sjukdomssymptomene og kan blanda urter i det rette forhold. Han har gått i lære hjå tidlegare medisinnmenn, og når han har lukkast eit visst antal gonger vert han sjølv sjølvstendig og utropt til leiar. Ein annan er åndemanaren «Yatiris». Han har kjennskap til korleis ein skal blande blod (oftast av lama) fett og coca-blad, og er ansvarleg for at åndene vert nøgde og gjev god avling, beskyttar buskapen o.l. Han er «utvalgt» fordi han har vorte råka av lynet, som er tegn på det heilage. Han har fått opplæring av sin føregangar og har vist at han kan kontrollera åndene. Han er ein person mellom 40 og 50 år. Samfunnet har stor respekt for han og sørgjer for han materielt.

Kvar kommune og distrikt har ein politisk leiar, oppnemnt av regjeringa, eit system som skriv seg frå spanjolane si tid. Ordføraren skal veljast for eit år om gongen, men det hender ofte at dei sit i fleire. Kjenneteiknet er at han har to ponchoar, og ber kommandostaven. For å nå denne posisjonen, må han ha levd opp til dei mange krava frå samfunnet når det gjeld å arrangera religiøse festar, og fylgt klatrestigen til punkt og prikke.

Hjå aymarane ligg ikkje sosial eller økonomisk prestisje til grunn for ei leiarutnemning. Den som kan skaffe goder som kjem samfunnet til gode, samt handtere papir, står sterkt. Omdømet frå andre bygder er tillagt stor verdi. Hardt arbeid er høgt verdsett hjå aymarane.

Det kan allereie her setjast eit spørsmålsteikn ved misjonar som har utdanna unge gutar og sendt dei attende til sine distrikt og venta at dei automatisk skulle verta aksepterte som leiarar.


Leiarstrukturen i mestisosamfunnet

Det er nesten ikkje gjort noko studie på den latin-amerikanske subkulturen, korkje av sosiologar eller antropologar. Kulturen er for samansett til at vanlege metodar kan brukast, dinest spelar klasseskilnaden sterkt inn. E. A. Nida relaterar si forståing av latin-amerikanaren til sin bakgrunn frå USA, men med sine mange år i Mexico og Guatemala, har studiet hans fått høg anerkjenning av latin-amerikanske psykologar og psykiatarar.

Leiaren av eit kristent utdanningscenter i Buenos Aires, Argentina, hevda i eit intervju at årsaka til spenninga og konflikten i det latin-amerikanske samfunnet skuldast at det var mennene åleine

som emigrerte. Til Nord-Amerika kom familiar som tok med seg heile sitt miljø. Mennene som kom til Latin-Amerika under erobringa let etter seg familieane heime i Europa. Deira seksuelle omgang med indianarjentene vart fordømt i begge kulturar. Nida slår fast at eit barn av slike foreldre vil kjenna seg knytt til mora av di faren var uansvarleg. Samstundes vil barnet sjå ned på henne som kunne tillate eit slikt overgrep.

Den sosiale klasseskilnaden er sterkt framheva i Latin-Amerika, hovudsakleg grunna på økonomi og innslaget av «kvitt» blod. Strukturen fylgjer fig. 1, og i land med høg indianar-prosent, fylgjer dei fig. 2.



Figur 1

OVERKLASSEN rommar aristokratane i dei gamle familieane, men har også gjeve rom for dei som nyleg har skaffa seg stor rikdom. Denne klassen utgjer frå 5-6 prosent av folket, avhengig av kva land ein er i.


MIDDELKLASSEN utgjer mestisoar med høg akademisk utdanning. I nederste skiktet finn ein kvitsnippane og lærarane. Dei utgjer frå 10-20 prosent i dei ulike landa.

LÅGKLASSEN har øverst dei som har fast arbeid. Heilt nederst finn ein dei arbeidslause og gatefeiarane.

INDIANARANE er rekna som dei lågaste i lågklassen. Dei har null status. I denne klassen finn ein frå 60-80 prosent av folket (fig. 2).

Den sosiale klasseinndelinga har ein maktstruktur som går frå toppen og nedover (hierarki). Det er interessant å leggja merke til at Nida hevdar at religiøse leiarar, som kan prova sine leiareigenskapar, får opprykk til høgare sosiale lag.

(Nida 1974:86)



Figur 2

Nida tek fram tre karakteristiske personlighetstrekk, som kanskje har sitt opphav i identitetskrisa ved å ha indiansk mor og spansk far. Trekk som påverkar leiarstrukturen:

1. Autoritær – individualist. Den som er på toppen *må* styre, samstundes *må* han markera at han styrer *annleis*.

2. Idealisme – realisme. Alle lover skal utformast i minste detalj, for om mogeleg å fange motstandarar. Sjølv er leiaren heva over dei.

3. «Machismo – Hembresismo». Mannen markerer si overordning med stor seksuell aktivitet og mange elskerinner. Sjølv om han er herre i huset, vert mora den sterke emosjonelle leiaren.

Manuelt arbeid er nedverdiggande, det hindrar åndeleg aktivitet. For å prova at ein er leiar, *må* ein ha trufaste etterfylgjarar, som i eit og alt gjer det diktatoren seier. Det er utenkjeleg at ein frå ein lågare sosial klasse kan verta leiar for eit høgare sosialt skikt, med mindre han har spesielle eigenskapar.

Med tanke på protestantisk misjon kan ein dra fylgjande konklusjonar:

1. Leiarposisjonen gjev sosialt opprykk. Leiaren er kjenneteikna av at han har etterfylgjarar. Han *må* peikast ut enten av etterfylgjarar, eller av ein frå eit høgare sosialt skikte, ein annan pastor eller ein misjonær.

2. Den realiteten at leiarposisjonen indikerar sosialt opprykk, gjer at maktsjuka meir enn religiøs innsikt ligg til grunn for utnemninga. Er det to strevarar i ei kyrkje, vil splitting oppstå. Dette er i strid med den kristne lære om å være «dei andre sin tenar».

3. Utdanning i seg sjølv er statusløfting. Dermed kan det verta eksamenspapiret som tel framfor evne til å leie.

4. Ein leiar av ei kyrkje vil sjå seg sjølv som rival til leiaren av nabokyrkja. Ei kvar form for samarbeid representerer såleis ein trussel.

Leiarstrukturen i den romersk-katolske kyrkja

Prestane og biskopane kom samtidig med erobrarane til Latin-Amerika. Spanjolane var klar over at skulle dei få skikkeleg fotfeste på kontinentet, måtte dei også ha religiøs makt. Sidan prestane ikkje hadde lært seg indianerspråket, vart dei sett på som utanforståande då dei kom til landsbyane ein gong i månaden for å føreta dåp, vigse og jordfesting.

Lekfolk fekk gjerne ansvaret for å lære opp indianarane og mestisiane, særleg med tanke på dåp. Poblete (1970:40) som har evaluert denne innsatsen, hevdar at manglande kunnskap hjå lekfolket har skulda for den synkretismen som har sett sitt merke på Latin-Amerika.

Inntil jesuittane vart utviste frå Latin-Amerika i 1767 hadde dei ansvaret for det meste av presteopplæringa. Sidan har kontinentet hatt ein alvorleg mangel både på geistelege og intellektuelle leiarar.

Ein anti-konservatisme, inspirert av den franske revolusjonen, førte til at det fyrst på 1800-talet knapt var ein einaste biskop att på heile kontinentet. Frigjeringa frå Spania, gav kyrkjene ansvaret for utdanning, hospital og barneheimar, ei oppgåve knapt noko land har greid å løysa. Med dette mista den katolske kyrkja kontakten med den sosiale utviklinga. Dette tomrommet må nok kunna sjåast på som hovudårsaka til at frigjeringsteologien fann si vogge i Latin-Amerika. Dei siste tiåra har det også vore ei stadig veksande misnøye med at fleire frå presteskapet var nært knytta til heller suspekte politiske maktthavarar.

Presteutdanninga i dag føregår ved utdanningssentra. Kandidatane vert plukka ut som heilt unge gutar, utan noko testing av leiar-eigenskapar. Resultatet vert at ein har høgt utdanna personar som vert heidra, adlydd og tent.

Kinsler (1981:131) hevdar at det t.d. i Guatemala er ein prest pr. 10.000 innbyggjarar og at 83 prosent kjem frå andre land, hovudsakleg USA og Europa. Dette er ein prosent som langt på veg er dekkande for heile kontinentet. Poblete (1970:39) meiner difor dette kontinentet har færrest prestar pr. innbyggjarar i verds målestokk.

Kateketane vert plukka ut i det lokalmiljøet der dei har si teneste. Dei er i eitt og alt underordna presten. Nokre får Bibelopplæring, andre ikkje. Nokre får preikeoppdrag, då helst mellom dei som ikkje talar spansk. Alle må dei før dei vert plukka ut ha tatt del i ei lang rekkje oppgåver i samband med helgenfestar, og synt at dei

kan ta ansvar. Kateketane har spela ei sentral rolle innan frigjeringssteologien.

Nida peikar på at religionen for dei fattige og for bøndene nær-
mast er magi og overtru. Mellomklassen ser på religionen som
nyttig (convenience). For den rike overklassen er han eit akta skue-
spel. Det faktum at dogmatikk ikkje skal diskuterast, gjev
religionen eit idealistisk preg, teologien er fjerna frå kvardagen.

Det andre Vatican-konsil har hatt ein positiv innverknad på
leiarstrukturen i kyrkja. Lekfolket kan no ta aktivt del, vera med å
ta avgjerder som vedkjem dei sjølve.

Leiarstrukturen i den protestantiske kyrkja

Denne kyrkja er av ny dato og misjonærene sine fotefer er framleis
synlege. I Ecuador starta misjonen så seint som i 1906. Nida talar
om fire ulike grupperingar av den protestantiske kyrkja i dag. 1) Den
misjonsdirigerte kyrkja, utan lokale leiarar. 2) «National front»-
kyrkjer, som er drevne av misjonen men har lokale leiarar. 3) Sjølv-
stendige kyrkjer, der misjonærene har overlata alt til dei nasjonale.
4) Sjølvstendige kyrkjer som har oppstått utan påverknad frå
misjonærene.

Leiarane under kategori 4 er lekfolk som har arbeidd seg opp
innan sine eigne rekkjer og teke på seg aukande ansvar. Dei fleste
er mellom 40–50 år når dei tek over som kyrkjeleiarar. Mestisoane
har sine kyrkjeleiarar i det øvre skikt av underklassen. Dei som har
ei eller anna form for teologisk utdanning, går ikkje tilbake som
leiarar i sitt opprinnelege sosiale skikt før dei har fått godkjenning
frå sin nye sosiale klasse.

I dei misjonsdirigerte kyrkjene er det ofte vanskeleg å finna
nasjonale leiarar som kan overta. Dersom misjonæren er ein sterk
personlegdom, er det få i kyrkjelyden som har leiareigenskapar.
Sterke leiarpersonar får ofte hurtigveksande kyrkjelydar, der alle
innordnar seg leiaren sin autoritet. Dersom ein ny leiar kjem inn i
ein slik kyrkjelyd endar det ofte med at han tek med seg ein del av
forsamlinga og dannar ein ny kyrkjelyd. Usemje om læra er
sjeldan underliggjande ved kyrkjesplittingar. Kessler underbygger
denne teorien. Nida tilskriv dette problemet konflikten mellom den
autoritære handling og individualismen.

Kvifor har ikkje den protestantiske kyrkja nådd overklassen?
Svara her er mange, ikkje minst det at misjonærene såg kor lett det

var å få innpass hjå dei fattige. Nær 95 prosent av all misjonsinnsats i Latin-Amerika har vore retta mot desse. Nida peikar på at i dei protestantiske kyrkjene får medlemmene vera med å ta avgjerder, medan det i den katolske kyrkja er prestskapet som styrer. Overklassen ville rett ut kjenna seg trua om alle skulle ha stemmerett. Dei fattige søker til misjonæranne sine kyrkjer avdi dei då har von om å få utdanning til barna.

Latinske menn med leiareigenskapar har vanskar med å ta imot ordre frå kvinnelege misjonærar. Dette grunnar seg i «Machismo-Hembresismo»-komplekset.

Leiarutdanning innan protestantisk misjon

Straks misjonen hadde fått fotfeste, starta byggjinga av teologiske utdanningsentra. I Bolivia var dette i tida 1920-55. Hjå mestisoane, som hovudsakleg er busatt i byar og tettstader, tok den teologiske utdanninga til på eit seinare stadium i arbeidet enn hjå indianarane. Dette hadde samanheng med metoden. På indianarlandsbygda kjøpte misjonen ein gard, som vart senter for det evangeliske arbeidet, utdanning og bibelskule. I byane satsa dei på større seminar. Begge stader kom studentane til skulen og budde der under studiet.

Det som førte til eit vendepunkt for denne teologiske utdanninga var dei politiske revolusjonane som føregjekk på kontinentet omkring 1950. Mange misjonar såg at tida var komen for ei sjølvstendigjering av dei nasjonale kyrkjene.

Nasjonaliseringa fylgde prinsippet til Henry Venn, der ei sjølvstendig kyrkje var sjølv-berande økonomisk, sjølvstyrt og sjølv-ekspanderande. Innan 1970 var dette prinsippet handheva frå nesten samtlege misjonar frå USA og Canada. I Bolivia førte det til følgjande:

- 1) Større aktivitet frå dei nasjonale og aukande medlemstal.
- 2) Ei sterk oppblussing av problemet mellom misjon og dei nasjonale kyrkjene.
- 3) Mange institusjonar og bibelskular vart stengde.

Undervisninga på bibelskular og seminar (residential training)

Utdanningsprinsippa kom frå USA og Europa. Unge gitar vart plukka ut og sendt bort frå sitt heimemiljø før dei hadde synt om

dei dugde som leiarar. Det er ingen ting galt i at kven som helst får bibelopplæring, men problemet var at både misjonærene og studentane sjølv hadde venta at dei skulle gå inn i ei leiarrolle i kyrkja. Dersom undervisninga hadde vore tilpassa kulturen, skulle ein også ha tenkt gjennom undervisningsmetode, utvelginga av studentar, bakgrunnen til studentane og problemet «Drop-outs» (kven som tok til utan å fullføre, og dei som fullførte utan å gå inn i prestetenesta). Hamilton (1962:91) fann at etter 19 års drift ved baptistane sitt teologiske seminar i Cochabamba, Bolivia, var berre 17 av 100 uteksaminerte aktive prestar. Mestisoane starta med stor glød gjerne i håp om å klatra oppover på den sosiale rangstigen, men mange slutta etter kort tid. Aymara-indianarane var gjerne nølande i oppstartinga, men då dei fekk prov for at dette var nyttig, kom eit jevnt tilsig av trufaste studentar.

Ein av grunnane til at dei med lengre teologisk utdanning ikkje går inn i presteteneste er at kyrkjelydene ikkje er i stand til å gje økonomisk underhald. Frå baptistane sitt seminar i Cochabamba dreg opptil tre fjerdedeler av dei uteksaminerte til kyrkjer i USA. Det sterkt urovekkjande i denne samanhengen er at misjonen ikkje ynskjer å endra vedtaket om økonomisk støtte til sjølvstyrte kyrkjer. Like så fullt som kyrkja i Jerusalem kunne motta støtte av m.a. kyrkja i Antiokia (Apgj. 4, 34–35) utan å dra i tvil deira sjølvstende, må vi i den rike verda kunna gjera det same. Dessutan bør vi setje under debatt kva rett misjonærene har til å bruke pengane berre til eigen innsats, når nasjonale kristne kan gjere arbeidet, både billigare og betre. Det er langt frå sikkert at misjonærene har rett til å setja krav til ei sjølvstendig kyrkje i ein annan kultur. Vi kallar dei sjølvstyrte når dei adopterar ein styringsstruktur vi kjenner oss trygge på, men som kanskje er ny og uvant i deira eigen kultur.

Utdanning via «Extention» (TEE)

Det ti-året då Gustavo Gutierres introduserte frigjeringssteologien og Paulo Freire kom med sin frigjeringspedagogikk, oppstod teorien om teologisk utdanning via ekstensjon på det latin-amerikanske kontinent. Det var ei grassrot-rørsle. No skulle læraren møta studenten i hans kultur. Studentane skulle få bu heime og praktisera det dei hadde lært mellom sine egne. Den økonomiske kostnaden for studentane vart sterkt redusert. Motivasjonen for undervisninga var stor, i 1973, 10 år etter oppstartinga, var det i

Latin-Amerika 72 ulike studieopplegg, 564 studiesentra og 6103 innskrevne studentar i TEE-programmet. Tre år seinare var studenttalet fordobla (Kinsler 1981:159).

Men også her gjekk det galt. Informasjonar eg innhenta i Bolivia i 1983 kunne fortelja om ein sterk tilbakegang, noko som bør få oss til å spørja om også dette programmet var bygd opp på misjonærane sine premisser. Jorge Maldonado, ecuadorianar, har i si evaluering retta kritikken mot studentmateriellet, som med få unntak vart laga av misjonærar og etter nordamerikanske metodar for sjølvinstruering. Dessutan mangla mange av studentane i distriktet fysisk studiemiljø. Dei hadde korkje skrivebord eller lamper. Mange av dei kunne ikkje ein gong lesa. Programmet var ressurskrevjande for lærarane, som no fekk eit langt lågare studenttal enn ved bibelskulane. Store geografiske avstandar var slitande og dyrt. Dessutan fekk TEE-studentane eit inntrykk av at dei var mindrevverdige samanlikna med studentar frå seminara. Berre dei sistnemnde fekk reisa utanlands på konferansar.

Det som i det siste derimot har fått ei positiv mottaking, er undervisning av små grupper ute i distrikta, dei motiverar kvarandre, og læraren møter ikkje berre studentane, men heile kyrkjelyden. Denne forma er tilpassa indianarane sin samfunnsstruktur.

Oppsummering og konklusjonar

Ut frå statistikkar frå 1967, var berre 2 prosent av dei protestantiske misjonærane i Bolivia frå Europa (Wagner 1970:179–180). Nesten alle misjonærane hadde såleis ein bakgrunn frå kyrkjer som lønna sine egne prestar. Dei Nord-Amerikanske misjonærane kom frå 1) Tradisjonell konfesjonsbakgrunn, metodistar, baptistar og lutheranarar. Denne gruppa legg vekt på å byggja opp nasjonale kyrkjer ut frå lærefellesskap. Dei står bak dei fleste teologiske seminar, og har engasjert seg på undervisnings- og helsesektoren. 2) Trusmisjonane (faith missions) har arbeidd etter prinsippet om homogene grupper, der ein og same kyrkjelyd skulle ha medlemmer frå same sosiale klasse, same geografiske område og same språkgruppe. Dei har dreve teologisk utdanning på bibelskulenivå og er kjende for lite sosialt engasjement.

Etter statistikkar frå 1950–67, har den prosentvise tilveksten vore tilnærma lik for begge gruppene. Deler ein medlemstall med antall pastorar og misjonærar, kjem ein ut med eit påfallande likt num-

mer. 36–37 kyrkjelydsmedlemmer pr. misjonær eller nasjonal pastor Konfesjon tykkjest jamt over vera underordna kyrkjeleiaren sin personlegdom. Også innan kyrkjelydar med same konfesjonsbakgrunn er det lite samarbeid. Ein skilnad mellom dei to gruppene er at misjonarar som har dreve sosialt arbeid har i dag medlemmer som tilhøyrrer middelklassen, dei andre ikkje.

Aymara-samfunnet

Her er religionen høgt påakta sidan han representerar det mystiske og overnaturlige. Dette kan forklare kvifor synkretismen framtrer som ein religion. Presteskapatet frå den romersk-katolske kyrkja held ofte avstand til folket både geografisk og kulturelt. Skal ein overvinne synkretismen, må det ei omfattande teologisk opplæring til.

Kan og skal ein byggja på indianarane sin leiarmodell, noko dei sjølv må avgjere, kan truleg åndemanaren verta modellen for den høgaste religiøse leiaren, presten. Han må då truleg ha:

- a) solid bibelkunnskap
- b) vita seg kalla av Gud og ordinert til tenesta
- c) vera viljug til ei livslang oppgåve
- d) kunne forkynna inn i folket sin kvardag
- e) han må kjenna og kjennast av sine
- f) ansvar for å gje åndeleg og praktisk opplæring til sin etterfylgjar
- g) vera i ein alder av ca. 40 år.

Kva slags opplæring trengst? Etter erfaringa til no er det mykje som talar for kortkurs, der kyrkjelyden får møta læraren og undervisningsopplegget. Det må vera opp til kyrkjelyden å avgjera om presten skal dra bort for vidare teologisk opplæring.

Kyrkjelydsleiaren med ansvaret for det administrative, kan fylgja modellen til ordføraren, han må syne at han kan bera ansvar, og velgjast på åremål. Presten er ansvarleg for bibelopplæringa av kyrkjeleiarar.

Sidan aymara-kulturen har synt seg å ha ein sterk indre struktur, bør den kristne kyrkja styrkje einskapen. Dette er oppgåva for ein biskop, då ikkje som topp på ein hierarkipyramide, men i ein tillitsposisjon, vald av kyrkjelyden.

Misjonærene har nok allereie ved sitt eksempel skapt eit bilete av den kristne leiaren. Misjonæren hadde lønn utanfrå, han hadde også budsjett og kunnskap slik at han kunne gi både leseopplæring

og medisiner. Når så den nasjonale leiaren skulle overta, måtte han be sine egne om økonomisk støtte. Alle dei materielle goder forsvann, og det i ein kultur der ein dyktig leiar må kunna skaffa samfunnet felles goder.

I dag er truleg over 90 prosent av alle pastorfunksjonar i indianarkyrkjelydane ulønna, til tross for at dei brukar fleire veker kvar månad til evangelistarbeid. Praktisk gardsarbeid er det dei fattige kan hjelpe pastorane sine med. Vil dei ha vidare utdanning, må dei koste det sjølv. Fleire nord-amerikanske misjonar krev kursavgifter og full betaling for undervisningsmateriell ved sine bibelskular.

Mestiso-samfunnet

Både i det politiske liv og innan den romersk-katolske kyrkja er leiaren sin autoritet definert ut frå det embetet han har, då oftast etter hierarki-stigen. Alle skal underordna seg denne autoriteten. I protestantiske kyrkjelyder er folket med og tek avgjerder. Men splittendensen gjer at deira demokrati ikkje fungerer så godt. Leiaren si meining er gjerne lov. Det er sterkt oppsiktsvekkjande at i eit samfunn der religionen er høgt påakta, og det å vera religiøs leiar indikerer sosial klasseheving, så har berre 4-5 prosent av kyrkjeleiarane ei teologisk utdanning på eitt år eller meir. Sjølv om det truleg ikkje er det fulle og heile svaret, ser eg fylgjande årsaker:

I den romersk-katolske kyrkja er Kristus ikkje presentert som ein vaksen mann, men som barnet på Maria sin arm. Kristus appellerar difor ikkje til det mannsdominerte latin-amerikanske samfunnet. Den katolske presten er underlag sølibat, og er sett på som «det tredje kjønn». Seksuell utfolding er høgt verdsatt i samfunnet, noko som gjer at presteyrket ikkje tiltalar menn.

I den protestantiske kyrkja er det mange, særleg i kyrkjelydar som er danna av «Faith missions», som får både pastortittel og posisjon utan noko utdanning. Sidan dei aller fleste av desse kyrkjelydane er fattige, er pastoren ulønna. Han vil også verta verande ulønna sjølv om han kostar på seg utdanning. Må han dra bort for å få utdanning, vil ein vikar overta leiarskapet. Personorienterte – som kyrkjene er – har vi mange eksempel på at vikaren overtek leiarposisjonen for alltid.

Personar med høgare utdanning vanvører manuelt arbeid. Ein som ikkje kan skaffa seg levebrød ved si utdanning, vil ikkje ta ho. Dette gjeld også for prestane.

Sidan det allmenne kunnskapsnivået er lågt, risikerer ein prest svært sjeldan å måtta gå på grunn av feil eller vrang lære.

Korleis skape tillit for ei kristen leiaropplæring?

Spørsmålet er ikkje undervisning på seminar kontra TEE, sidan dette berre går på metodar. Fyrst av alt må velutdanna leiarar få ein høgverdig posisjon, noko som truleg krev lønn. Kyrkja i den rike delen av verda må yta sitt. Gjer vi ikkje det står vi i ferd med å byggja opp ei «ein generasjons-kyrkje» fordi dei mangler kunnskap til å overlevere ei sann lære. Jesus Kristus har pålagt oss å læra dei alt Han har bode oss, og dette er overordna våre teoriar om sjølvstendige kyrkjer.

Latin-Amerika har prosentvis fleire aktive kristne enn Skandinavia. I den grad utanlandske misjonærar framleis har tillit, skulle dei utelukkande satsa på opplæring av nasjonale leiarar. Det må ropast eit varsko til dei som er for sterkt prega av McGavran sin kyrkjevekst-teori. Ein teori som legg vekt på kvantitet framfor kvalitet.

Latin-amerikanske kyrkjeleiarar er smerteleg klar over si manglande utdanning, kanskje meir enn noko anna kontinent har dei lidd under misjonærane sin sviktande vilje til ekumenisk samarbeid. Djupaste sår har nok misjonane si hardnakka haldning til økonomisk sjølvstende skapt. Latin-amerikanarane si sterke side er menneskeleg varme og omsorg for kvarandre.

NYTTIG LITTERATUR

- Aguil, P. Frederico: «Religiosidad de en Mundo Rural en Proceso de Cambio». Sucre, Bolivia No. 10-81. 1981.
- Allen, Roland: «Missionary methods: St. Paul or our?» World Dominion Press, USA, 1972.
- Arias, Maximo: «Iglesia y Religiosidad Popular en America Latina». 29/CELAM, Bogota, Columbia, 1977.
- Bastien, Joseph W.: «Mountain of the Condor - Metaphor and Ritual in the Andean Ayllu». West Publishing Co., 1978.
- Bonino, J. Miguez: «La fe en busca de eficacia». Ediciones Sigueme, Salamanca, Spain, 1971.
- Buechler, Hans C. and Judith-Maria: «Case studies in cultural anthropology». Holt, Reinhart and Winston Inc., 1971.
- Foulkes, Irene W.: «Prodiadis. A new way of doing Theological Education in Latin America». Seminario Biblico Latino-Americano, Apartado 901, San Jose, Costa Rica C.A., 1978.
- Freire, Paulo: «Pedagogy of the Oppressed». New York, Herder & Herder, 1976.

- Gerber, Virgil: «Discipling through Theological Education by Extension». The Moody Bible Institute of Chicago, 1980.
- Greenway, Roger S.: «An urban strategy for Latin America». Baker Book House, Grand Rapids, Michigan, 1973.
- Guachalla, Alexandro: «The church of the poor in Bolivia». P. 69-72 published in «Sings of hope and justice» edited by J. P. Ramalho, 1980.
- Gutierrez, Gustavo: «A Theology of Liberation». Orbis Books, Maryknoll, New York Third Impression, 1977.
- Hamilton, Keith E.: «Church growth in the High Andes». Lucknow Publishing House, Lucknow U.P., India, 1962.
- Hiebert, Paul G.: «Church and Society: An analytic typology» p. 9-13 published in Theology News Notes, Fuller Theological Seminary, Pasadena, USA, 1979.
- Hiebert, Paul G.: «Cultural Anthropology». J. B. Lippincott Company, Philadelphia, 1976.
- Iriarte, Gregorio: «El movimiento Iglesia Aymara características y opciones pastorales» published in «Evangelizacion de las culturas», Volume 45 pages 56-65. La Paz, 1980.
- Keesing, Robert M.: «Cultural Anthropology». Holt, Reinhart & Winston, USA, 1976.
- Kelly, David C.: «Aymara Ritual - The Glimpse of an Ethical System». Missiology Vol. XII No. 1 Jan., 1984.
- Kessler, J. B. A.: «A study of the older Protestant missions and churches of Peru and Chile». Oosterbaan & Le Cointre N.V. Goes, 1967.
- Kinsler, T. Ross: «The Extension Movement in the theological education». William Carey Library, S. Pasadena, 1981.
- Kirk, J. Andrew: «Theology encounters revolution». Inter Varsity Press, England, 1980.
- Kloster, Berit Helgøy: «The national leader structure in Bolivia and the consideration of this in relation to the education of church leaders in the protestant mission in general and the lutheran mission in particular». Universitetet i Trondheim, 1985.
- Kornfield, William J.: «The challenge to make extension education culturally relevant» published in «Evangelical Missions Quarterly» Vol. 12. Wheaton, Evangelical Missions Inf. Service, 1976.
- La Barre, Weston: «The Aymara Indians of the Lake Titicaca Plateau, Bolivia» published in American Anthropological Association. Kraus Reprint Co., New York, 1969.
- Lausanne: Occasional Papers, No. 2 The Willowbank Report - Gospel and Culture. Wheaton, USA, 1978.
- Lewellen, Ted: «Peasants in Transition». Westview Press, Boulder, Colorado, 1978.
- Lewellen, Ted: «Cultural Evolution, The Aymara Case» published in «Journal for scientific Study of Religion» No. 7, 1979.
- McGavran, Donald A.: «Understanding Church Growth». William B. Eerdmans Publishing Co., USA, 1970.
- Maldonado, Jorge: «Manuales de Textos Autodidacticos y Programadas usados en Educacion Teologica por Extension en America Latina».

- Thesis for Master of Theology in Missiology Fuller Seminary, Pasadena, 1979.
- Monart, Jacques: «L'Univers Religieux des Aymaras de Bolivie». CIDOC, Apartado 479, Cuernavaca, Mexico, 1966.
- Mulholland, Kenneth: «Adventures in Training the Ministry». Presbyterian and Reformed Publishing Co., 1976.
- Nida, Eugene A.: «Religion Across Cultures». New York, Harper & Row, Publishers, 1968.
- Nida, Eugene A.: «Understanding Latin Americans». William Carey Library, S. Pasadena, USA, 1974.
- Nordyke, Quentin: «Animistic Aymaras and Church Growth». The Barclay Press, Newberg, Oregon, USA, 1974.
- Ogburn, William T. & Nimkoff, Meyer F.: «Sociology». Houghton Mifflin Co., New York, USA, 1946.
- Osborne, Harold: «Bolivia A Land divided» issued under the auspices of the Royal Institute for International Affairs, Oxford University Press, 1964.
- Poblete, Renato: «The Church in Latin America: A historical survey» published in «The Church and Social Change in Latin America» edited by H. A. Landberger, University of Notre Dame Press, London, 1970.
- Ruitz Calero, Oscar E.: «El secreto de los Andes». Editorial Imatgrom, ISBN 84-85675-00-2, Spain, 1979.
- Shenk, Wilbert R.: «The Challenge of Church Growth». Herald Press, Scottsdale, PA, 1973.
- Sinclair, John H.: «Protestantism in Latin America - A bibliographical Guide». William Carey Library, S. Pasadena, USA, 1976.
- Smalley, William A.: «Cultural implications of an indigenous church» published in «Practical Anthropology», 5 Mar-Apr 1958, 51-65. Arbor, Michigan, USA, 1958.
- Smith, Douglas Jr.: «Toward Continuous Growth». William Carey Library, S. Pasadena, USA, 1978.
- Utsyn. «Organ for Norsk Luthersk Misjonssamband», Grensen 19, Oslo 1, 1985.
- Vallier, Ivan: «Extraction, insulation and re-entry: Toward a theory of religious change» published in «The Church and Social Change in Latin America» edited by H. A. Landberger. University of Notre Dame Press, London, 1970.
- Wagley, Charles & Marwin Farris: «Typology of Latin American Subculture» published in American Anthropological. Menaska, Wisconsin, USA, 1955.
- Wagner, C. P.: «The protestant movement in Bolivia». William Carey Library, S. Pasadena, USA, 1970.
- Wagner, C. P.: «Church growth principles and procedures». Fuller Theological Seminary, Pasadena, USA, 1980.
- Weld, Wayne C.: «The World Directory of Theological Education by Extension». William Carey Library, S. Pasadena, USA, 1973.
- Winter, Ralph D.: «Theological Education by Extension». William Carey Library, S. Pasadena, USA, 1969.

Yates, T. E.: «Venn and Victorian Bishops Abroad». Swedish Institute of Missionary Research, Uppsala, Sweden, 1978.

OTHERS

South American Handbook, 1982, John Brooks, Bath.

Illustrert norsk Bibel-leksikon, 1965, Oslo, Norway.

The Structure of Leadership in Latin-America

Roughly observed only 4-5 per cent of those that have pastoral responsibility within the Protestant and Catholic Church in Latin-Amerika have a theological education that extends for more then two years. Compared to Evangelical Churches in Ethiopia, the figure is about 90 per cent. In Latin-America religion as well as education is highly valued, therefore the question arises that if missions and churches are not aware of the national leader structure and consider this when offering leadershiptraining. The entire theses on this subject upon which the article is based was originally written in English. (See literature-list)